



Statens vegvesen

Norges vassdrags- og energidirektorat – NVE
– Hovedkontor
Postboks 5091 Majorstuen
0301 OSLO

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Terje Vidar Hoel / 53650120 18/82476-2 201606897-120 07.05.2018

Vår uttale til høyring av Rapport om forprosjekt flomluke Sandvinvatn – Odda kommune

Me syner til oversendingsbrev dagsett 10.04.2018, der det vert vist til høyring av Rapport om flomluke i Sandvindvatn med frist 16. 05.2018.

Statens vegvesen har ansvar for å sjå til at føringane i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Vi uttalar oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Våre interesser i denne saka er retta mot riksveg 13.

Statens vegvesen ber om at det vert sett krav til at utbygger må dokumentera at tiltaket ikkje påverkar bruens bæreevne. Sjølve kulverten må prosjekterast i tråd med HB N400, prosjekteringsreglar for bruer, og godkjenning etter dei rutinar som er gitt i handboka. I prosjekteringa må utbygger dokumentere ein godkjend løysning for ein trygg trafikkavvikling i byggetida på begge bruene.

Saksopplysningar

Det er tidlegare søkt om bygging av ein flaumtunnel for å redusere flaumfaren i Opovassdraget i Odda by.

Som eit alternativ er det laga ein rapport om eit konsept med flaumluke i Sandvindvatnet. I rapporten er det vist inntak øst for Hovden med kulvert som «tangerer» veg- og gangbru i vest.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Eitrheimsvegen 160
5750 ODDA

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Vår vurdering av forprosjektet

Tiltaket slik det er vist på plan og snitt kjem nære fundamentering av både gangbru og vegbru over Opo.

Teikningane viser at brua er direktefundamentert på såle på lausmassar. Det må dokumenterast at tiltaket ikkje påverkar bæreevne til brua, eller fører til setningar. Dette gjeld både i byggefase og i ferdigtilstand.

Gangbrua har ukjend fundamenteringmåte. I samband med den store flaumen ble det avdekka at landkar på motsett side var fundamentert på bolverk av tømmerstokkar. Slik tiltaket er vist på teikning må ein ta ned store delar av vingemurane som er sett opp av naturstein mura i forband. Det må i detalj visast omfanget av nedtaking av mur. Det kan ikkje påreknas å erstatte steinmur med betong.

Sjølve kulverten må prosjekterast i tråd med HB N400 – prosjekteringsreglar for bruer og godkjenning etter dei rutinar gitt i handboka.

Statens vegvesen reknar med at utbyggar skal eige konstruksjonen, samt ha drifts- vedlikehalds- og inspeksjonsansvar for konstruksjonen. Statens vegvesen må ha rett til tilkomst for inspeksjon av begge brukonstruksjonane.

Det vil vere utfordrande å bygge kulverten, da det ikkje er omkøyringsvegar på strekninga. ÅDT er 5000 / 2400 nord / sør for kryss til Eide. Utbyggar må derfor lage ein plan for avvikling av trafikk på begge bruene. Planen skal godkjennast av Statens vegvesen ved voss-arbeidsvarsling@vegvesen.no

Oppsummering

Statens vegvesen ser fleire positive effektar av tiltaket, mellom anna i høve riksvegen som kan verte stengd ved større flaumar i Opovassdraget. Vi kan derfor tilrå at flaumlukene vert bygd, men vi tek atterhald om at utbyggar kan dokumentera bruenes bæreevne ved den løysinga som er omsøkt.

Det er særst viktig at framkome og trafikktryggleiken blir teken ivre når ein legg planen for bygginga av kulverten.

Plan og Forvaltning, Voss og Hardanger
Med helsing

Carl Erik Nielsen
Seksjonsleiar

Hoel Terje Vidar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Odda kommune, Opheimsgata 31, 5750 ODDA